

Trinn 7 - Helsehjelp til heimebuande

Målretta, fleksible og tidsavgrensa tiltak

Mål: Innbyggjarane i Hjelmeland som har forbigåande eller konstante helseutfordringar, oppnår raskare habilitering når det skjer heime og vert tilpassa kvardagen for den enkelte. Fleksible tenester som møter behovet for helsehjelp og oppfølging, gjer at helseutfordringane ikkje er til hinder for å oppleve trygghet og gode kvardagar i eigen heim.

Hjelmeland kommune fattar vedtak om tenester som

- Tek vare på behov for rehabilitering/habilitering og som sikrar heilskapleg, tverrfagleg oppfølging av innbyggjarar med komplekse og samansette behov
- Er gode alternativ til bustader med døgntenestar og som førebygger behov for meir omfattande helsehjelp
- Førebygger utfordrande og utagerande åtferd
- Førebygger sjukehusinnlegging ved å vere målretta og fleksible

* *Habilitering dreier seg om å lære nye funksjonar, mens rehabilitering handler om å gjenvinne tapte funksjonar.*

